


Elverhøy – frå fiksjon til realitet, ArcGIS storymaps publikasjon

URL: <https://storymaps.arcgis.com/stories/3d9e1d5893ad4e65b43c32a5617e63f1>

SPRÅK
SOLUASJONER

Elverhøy - frå fiksjon til realitet

Rediger historie



Elverhøy - frå fiksjon til realitet

Kjenner du eit Elverhøy? Det er over 500 av dei i Noreg. Visste du at dei eigentleg er oppkalt etter eit lystspel - frå Danmark!

Peder Gammeltoft | 23. oktober 2019

I 1828, femten år at etter dobbeltmonakiet Danmark-Noreg slutta å eksistere, vart teaterstykket 'Elverhøi' uroppført i Købehavn. Stykket var eit bestillingsarbeid, forfattet av Johan Ludvig Heiberg med musikk av Friedrich Kuhlau. Årsaken til at stykket blei til, var feiringa av eit royalt bryllaup.



Elverhøy spelt på Bygdøy i 1911. ©Nasjonalbiblioteket

Historien i Elverhøy er heilt typisk for sn tid, da romantikken var rådande kunstretning, men Heiberg og Kuhlau forutsåg neppe at dette stykket skulle bli ei så stor suksess. Ennå 175 år etter trekker stykket stadig publikum. Stykket, eit såkalla *vaudeville* lystspel, har vore oppført over 1 000 gonger berre på Det Kongelige Teater i København. I Noreg vart Elverhøy òg utruleg populert, som vi vil sjå.

Romantikken vart òg inspirasjon for namngjeving av hus, villaer og bruk i løpet av dei neste 100 åra. Stadnamn på Elverhøy er eit av dei beste eksemplane på romantikkens påverknad på namngjeving.


Elverhøy spøker ennå

Kor kjenner eg Elverhøy frå, spør du kanskje? Om du liker Olsen Bandenølfilmene, er 'Overturen frå Elverhøy' ein sentral del av plottet i filmen *Olsen Banden for full musikk*. Under innbrott i Nationalteatret skjuler Olsen Banden eksplosjonslydane gjennom å sprengje til musikken frå Elverhøy - det same skjer òg i den danske utgåva av filmen, sjå her:



Olsen Banden i innbrudd til musikk frå Elverhøy - her i den danske utgåve... ©YouTube.com

Frå eit lystspel til 500 stadnamn - ein reise på 175 år




Det var 26 Elverhøy namn i 1886.
Klikk og naviger i kartet

Det er ikkje heilt klart når det første stadnamnet Elverhøy vart gitt, men i folketeljinga i 1865 finst det fem Elverhøy-namn i Hedmark, Vestfold, Nord-Trøndelag og i Nordland. I folketeljinga av 1875 tel Elverhøy sju namn - nå òg i Østfold og Akershus.

Litt over ti år seinare, i 1886 matrikkelen er det 26 stader som heiter Elverhøy. Herfrå eksploderer det og på midten av 1900-talet finst det over 430 namn!! Kvifor?

Ein moglegheit er at dei første Elverhøy-eksemplera hovudsakleg var namn på villaer og lystgardar - altså stader med relativt høg status. Elverhøy kom difor til

å bli sett på som motenamn. Samstundes var samfunnet i rivande utvikling og fleire og fleire fikk moglegheit til å etablere eigen bustad. Og her vart Elverhøy sett som eit fint og pent namn - perfekt for eit hus eller småbruk.



I 1950 (blå punkt) var talet stige til over 440 Elverhøy namn - i 2010 litt meir enn 500 (grøne punkt).
Klikk på punkt, naviger i kartet og zoom inn og ut

Dei hundrevis av namn vi ser i matrikkelutkastet frå 1950 er ikkje oppstått over natta, dei er komne til gjennom åra frå 1890-talet til då. Etter 1950 kjem fleire Elverhøy til, men det er ganske få samanlikna med årtia før. Romantikken slapp taket i folk og modernismen tok over og Elverhøy var ikkje hipp meir. Samstundes vart namnet kanskje ikkje lenger sett på som eit høgstatusnamn, derfor var det ikkje interessant å bruke som namn på heimen sin.

Danmarks Stednavne

Det danske landskab rummer millioner af stednavne, hvoraf mange stadig er i brug. Denne database indeholder p.t. omkring 210.000 af dem, sammen med deres historiske kildeformer.

<http://danmarksstednavne.navneforskning.ku.dk>

Som ein kuriositet, fekk Elverhøy aldri same gjennomslag i danske stadnamn. Her kjenner vi berre 12 namneeksempel med forma Elverhøj. Kvifor namnet vart meir populært i Noreg enn i Danmark der lystspelet kjem frå er eit lite mysterium.

Er Elverhøy ikkje eit norsk namn?

Men - seier du nok - er ikkje Elverhøy eit norsk namn? Må det vere opkalling etter eit dansk lystspel? Ja, det må det faktisk. Rett nok er *elv* 'alv, vette' kjent i både bokmål og nynorsk, men det ser ut til å kome frå dansk *elv* 'væsen af ellefolket'. Ordet blir no nesten berre brukt i fleirtal: *elver* - både i dansk og norsk.

Det er ei teoretisk moglegheit for at det kan vere fleirtal av *elv* 'naturleg vasstraum i lendet (større enn *bekk*)'. Men ettersom *Elver*- nesten alltid er samansett med ordet *høy* 'rundaktig høgde i terrenget, haug' som er innlånt frå dansk *høj* 'naturleg eller kunstig høgde', må formen *Elverhøy* sjåast som eit lån frå dansk til norsk. Innlån av ord frå nabospråk er ikkje noen sjeldenheit, men her kjenner vi faktisk årsaken til lånet og når det kjem inn i norsk.

Eit ikkje-språkleg argument er òg at det ikkje finst eit einaste Elverhøy-stadnamn i Sverige. Grunnen til dette er at lystspelet vart oversett til svensk som *Elfjungfrun*, der tittelen er ein person og ikkje ein lokalitet som på dansk og norsk.

Var det tale om ei rein norsk stadnamndanning, ville ein forvente 'Alvhaug' eller 'Alvarhaug', men det finst ingen stader med desse namna. Det er aleine Elverhøy eller det eldre Elverhøi som finast.

Elverhøy - òg brukt i andre namn

Nokre av dei som bodde på eit Elverhøy har tatt namn etter bruket sitt og heiter nå Elverhøy, eller oftast med eldre stavemåte Elverhøi. Faktisk er det omkring 200 personar som heiter Elverhøi (124 personar) eller Elverhøy (76) her i Noreg. Dei første tok namnet på slutten av 1800-talet og ut på 1900-talet, då det vart moderne å ta namn etter staden ein budde.

Bark Elverhøi - Sjøhistorie

H.Larsson-Feddes samling 7/1868: H.Svendsten m.fl., Stavanger "ELVERHØI" /1873: Jacob Middelthon m.fl., Stavanger do 4/1877: Jens...

<https://www.sjohistorie.no>



Nokre andre objekt fekk òg namn etter lystspelet - blant annat det stolte skipet Elverhøi, ovanfor. Skipet hadde heimehamn i Farsund, men vart bygd i austprøyssiske Königsberg, nå Kaliningrad i Russland.

Elverhøy - eit sodoma for ei skotsk lady og lakselordar

I Sunndal i Møre og Romsdal ligg det under Leikvin eit bruk - nr. 3. Bruket er ein stateleg lystgard med namnet Elverhøy - eit av dei tidlegste. Plutseleg på 1860-talet gjekk Elverhøy frå ukjent til kjent langt ut over landets grenser. I 1866 kom den rike irske frua Barbara Elrington Arbuthnott til Sunndal på bryllupsreise med sin nye ektemann, William Arbuthnott. Dei syntest området var utruleg vakkert og besøkte Sunndal de to påfølgende åra som følgde.




Elverhøy - eit Sodoma i Sunndal?

I 1868 kjøpte lady Arbuthnott bruket Elverhøy. Hon rydda bruket og Elverhøy vart etter hvert der ein bodde på fiskereise - laksefisket var ypparleg. Rikmenn frå Storbritannia flokka til staden og bruket vart kjent for myke festing og liv. Snart fekk Barbara Arbuthnott tilnamnet «Frua på Elverhøy». Men festinga betydde òg at nokre såg seg arge på ladyen og dei mange mennene som besøkte Elverhøy og døypte i forakt området om til Sodoma.

Tilnamnet kom snart heile området, inklusive ladya og gjestene hennar for øyra. Dei likte tilnamnet og tok det i bruk som et namn på heile Grøa. Til eksempel brukte ungdomslaget Frihug på Grøa namnet

Sodomaposten som namn på lagsavias si frå 1913 til 1922. Sjølv etter at Barbara Arbuthnott ikkje eige Elverhøy meir kom ennå lakselordar og fiska om sommaren og bruket blei eigd av andre britiske rikmenn. I dag er Elverhøy en del av Leikvin kulturminnepark og vel verd eit besøk.



Elverhøis Historie og Barbara Arbuthnott. ©Nordmøre Museum

Har du lyst til å vita meir om Elverhøy i Sunndal, så har Nordmøre museum laga ein video om lady Arbuthnott og hennar Elverhøy, sjå ovanfor. Bilde og historier er òg lasta opp på Digitalt Museum:

[Elverhøy i Sunndal](#)

Mange av bildane viser livet på Elverhøy med kortspel, jakt og fiske. På dette viset gir namnet Elverhøy eit innblikk i den tidlege turismen i Noreg.



Lady Arbuthnott spiller kort med venner på trappa til Elverhøy. ©Nordmøre Museum

Eit lite postludium til historia om Elverhøy...

Jeg lagde mit hoved til Elverhøj

Musik: anonym

Musical notation for the song "Jeg lagde mit hoved til Elverhøj". The piece is in 4/4 time and B-flat major. The melody is written on a single staff. The first line contains measures 1-5, and the second line contains measures 6-10. Chord symbols are placed above the notes: Bb, F, Dm, Gm, Dm, Bb, F7 in the first line; Bb, F, Dm, Gm, Dm, Gm, Bb, F, Bb, Dm, Cm, F7, Bb in the second line.

Tekst: anonym

©Erik Damskier, Danish Wikisource
